



Vestlandsrådet

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200907111-61/734/PERSVA

Dykkar ref.:
Odd Erik Hansgaard

Bergen, 14. september 2012

Prosjekt hurtiglading langs E39 - Statusrapport september 2012

Prosjektgruppa

Per Svae, Hordaland FK (leiar)

Anders Sæternes, Rogaland FK

Elisabeth Veivåg Helseth, Sogn og Fjordane FK

Guri Bugge, Møre og Romsdal FK

Gruppa har ikkje hatt noko møte. Kommunikasjon har vore med e-post og telefon og når ein har møtt kvarandre i andre samanheng.

Statusrapport:

Rogaland

- I Stavangerområdet er det operative hurtigladepunkt i Randaberg og Sandnes langs E39 og på Klepp.
- I tillegg er det under bygging på Åsen og Forus ved E39 og på Gjesdal. Lyse Energi AS eig alle hurtigladepunkta unntake eit hjå Nissan forhandlaren i Sandnes. Sjå vedlagt kart for Stavangerområdet.
- I Haugesundområdet har Haugland kraft AS etter initiativ frå Hordaland fylkeskommune og med medfinansiering frå Tysvær kommune eit operativ hurtigladepunkt på Aksdal ved E39. I tillegg bygger Nissan forhandlaren hurtigladepunkt i Haugesund.

Hordaland

- Sørfra langs E39 har Sunnhordland Kraflag AS eit operativt hurtigladepunkt på Heiane Vest ved Leirvik på Stord.
- Langs E39 bygger BKK for tida hurtigladestasjon på Halhjem ferjekai, Fjøsanger i Bergen og Knarvik med medfinansiering frå Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune. Opning er venta i september/oktober.
- I tillegg er det to operative hurtigladepunkt i Bergen, i Åsane hjå Nissan forhandlaren og i Fyllingsdalen hjå ABB.
- Langs E16 har BKK bygd hurtigladestasjon på Dale som straks er klar for opning. I tillegg har Voss energi med medfinansiering frå Hordaland fylkeskommune operativt hurtigladepunkt på Voss.
- Fylkesutvalet i Hordaland vedtok i mai å fullføre den grunnleggjande infrastrukturen for elbilar i Hordaland. Kr 370 000 er løyvd for 2012. Konsulent er engasjert og prosjekt er i gang i haust med å etablere samarbeid med kraftselskap, kommunar og næringsdrivande for å etablere hurtigladning i

Matre langs E39, Norheimsund og Eidfjord (Rv7), Odda og Etne (E 134) og Straume regionsenter vest for Bergen. Målet er at desse hurtigladepunkta skal vere operative i løpet av 2013.

- Med hurtigladepunktet på Eidfjord vert det mogleg å køyre elbil frå Bergen til Oslo på sumarstid med hurtiglading. Dog må ein førebels ta ein betre lunsj på Halne fjellstove på toppen av Hardangervidda og ein betre middag i Vikersund for å normallade og sikre seg nok straum til neste hurtigladepunkt.

Sjå vedlagt kart for Hordaland og omegn.

Sogn og Fjordane

- BKK bygger med medfinansiering frå Sogn og Fjordane fylkeskommune hurtigladepunkt på Oppedal ferjekai ved E39. Utbygginga er forsinka på grunn av løyve til å krysse E39 med straumkabel, noko som først nyleg gjekk i orden. Opning er venta i slutten av 2012 eller tidleg i 2013.
- Lang E39 vil det i Sogn og Fjordane vere naudsynt med hurtigladepunkt i Førde og Nordfjordeid for å oppfylle prosjektets målsetting om hurtiglading om lag kvar tiande mil. I tillegg vil det vere ynskjeleg med hurtiglading på Skei i Jølser.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune har starta prosessen med å utarbeida ein strategi for hurtigladepunkt i fylket. I slutten av oktober arrangerer fylkeskommunen eit møte med nettselskapa rundt initiativ til hurtiglading i fylket. Sogn og Fjordane ynskjer også å vera orientert om arbeidet som vert gjort i dei andre fylka, for å sjå dette i samanheng med strategien for Sogn og Fjordane.

Møre og Romsdal

- Det er særleg fire lokalitetar langs E39 som har peika seg ut i fylket. Det er Volda/Furene, Ålesund, Molde og Tingvoll. Det vil bli arrangert lokale møte på desse stadene og eit større elbilseminar for kraftselskap og andre i Molde 25. oktober.
- Møre og Romsdal fylkeskommune har hyra ein konsulent for å få fart på utbygginga av hurtigladarar. Det er også sett av midlar til direkte støtte til stasjonane. Desse vil bli delt ut på miljøutvalsmøtet i midten av november. Fylkeskommunen har von om å få inn fleire søknadar til Transnova innen utgangen av året.

Sjå vedlagt kart for Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Gudrun Mathisen
Klima og naturressursjef


Per Svæ
Seniorrådgjevar

Vedlegg: Kart



Hurtiglading på Vestlandet – Status 2012


Stavangerområdet



Hordaland og omegn

Grunnleggende infrastruktur for hurtiglading i Hordaland

Vedteken av fylkesutvalet i Hordaland, 24.5.2012. FUV-sak 120/12



Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal

Hurtiglading for elbil langs E39 Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal

